



Sogn og fjordane Fylkeskommune  
Fylkeshuset  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

**Vår ref.**  
14/1855-3/K2-N11//KVF

**Dykkar ref.**  
14/3254-5

**Dato:**  
23.09.2014

## **Innspel til planlegging av rutetilbodet frå 1. mai 2015**

Viser til Dykkar brev av 12.08.2014 ref. nr. 14/3254-5 vedr. planlegging av rutetilbodet frå 01.mai 2015.

Bremanger Kommune har fylgjande innspel til rutetilbodet frå 01.mai 2015:

### ▪ **Vedr. ferjesamband Isane-Stårheim**

- Rutetidene på Isane-Stårheim må koordinerast med rutetider på ferja Lote-Anda og Folkestad-Volda. Vi har merka oss at det er gjort endringar etter førre innspel. Takkar for det.
- Ein ynskjer at ferjesambandet blir drifta lengre utover kveldane. I dag går siste ferja frå Stårheim til Isane kl. 22:35.

### **Oldeide-Måløy**

- Bremanger Kommune ynskjer auka ferjefrekvens og større ferje på denne strekninga. Må òg vurdere om det er behov for å gå opp under Husevågøy so ofte som ein gjer med dagens rute.
- Dette sambandet må òg kunne driftast lengre utover kveldane. I dag går siste ferja frå Måløy kl. 21.40 med retur frå Oldeide kl. 22.15.

### ▪ **Vedr. hurtigbåtrute, Bergen-Nordfjord**

- Ein ynskjer at sørgåande båt som går frå Selje måndag-fredag kl. 15.20 har stopp i Leirgulen. Om ikkje fast so i hvertfall ved varsling. Bremanger kommune etablerar ny kai i Leirgulen og vi ser ei positiv utvikling i antal reisande frå Leirgulen og ynskjer difor at det skal være moglegheit for at sørgåande båt går oppom Leirgulen kai.
- Det same gjeld for nordgåande båt som går frå Bergen måndag-fredag kl. 08.00.

▪ **Vedr. kystvegekspressen**

- Etter rutetilbodet i dag kjem kystvegekspressen til Florø kl. 06.35 og fyrste fly til Oslo går kl. 06.20. Altso vil ikkje reisande som kjem med kystvegekspressen rekke det fyrste flyet til Oslo. Det er ynskjeleg at ein ser på om kystvegekspressen kan bli tilpassa som ei arbeidsrute. At denne er i Florø f.eks kl. 06.50.
- Det er ynskjeleg at Kystvegekspressen går oppom Leirgulen kai ved sørgåande rute om morgonen ved varsling.
- Bremanger Kommune og Flora Kommune har òg vore i kontakt med Fjord1 vedr. om det er mulig å få til fleire rundturar mellom Florø og Smørhamn med båt materiell som har ledig kapasitet. Dette har Fjord1 stilt seg positive til og har meldt tilbake at dette er fullt mulig å få til. Med føresetnad om at ein får finansieringa på plass. Bremanger Kommune ynskjer at Sogn og Fjordane Fylkeskommune ser på dette og tar kontakt med Bremanger Kommune om saka. Bremanger Kommune har hatt dialog med Fjord1 om fylgjande nye ruter etter samtale med Bremanger Næringsråd og utviklingslaget Nye Bremanger: På ledig luke mellom kl. 09.00 og kl. 14.15 er det ynskje om ei ny rute  
Florø-Smørham kl. 12.50  
Smørhamn-Florø kl. 13.30

På ledig luke mellom kl. 17.30 og kl. 20.00 er det ynskje om ei ny rute  
Florø-Smørhamn kl. 18.00  
Smørhamn-Florø kl. 18.30

Dei nye rutene korresponderar med fly til Oslo og Bergen.

Det er òg spelt inn at ein ynskjer stjernestopp på Villevikja på desse nye , dette har Fjord1 bekrefta er praktisk mulig å få til. Om vi må prioritere mellom desse to rutene vil vi prioritere ettermiddagsruta.

Elles registrerar vi at taksten på Villevika-Flora er differensiert mellom rutetilboda sjølv om ein snakkar om same rute/avstand:

Ved ruter i Florabassenget er det ferjetakst. Mens ein har annan takst på

Kystvegekspressen. Vi meiner det bør være tilnærma lik takst på denne strekninga.

▪ **Vedr. arbeidsrute mellom Kalvåg og kommunesenteret Svelgen**

- Etter opning av Bremanger II sambandet hadde Bremanger Kommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune kontakt om etablering av nye bussruter frå ytre delar av kommuna til kommunesenteret Svelgen. Bremanger Kommune spelte inn ynskje om ei arbeidsrute frå Kalvåg til Svelgen på morgonen slik at denne var i Svelgen kl. 06.50 med retur til Kalvåg på ettermiddagen. Desse rutene måtte tilpassast ferjetider på Oldeide-Måløy ferja. Etter vedtak vart det etablert rute mellom ytre delar av kommuna og Svelgen måndag-onsdag og fredag. Bremanger Kommune ynskjer ein dialog vedr. prioritering av desse rutene og kva erfaringar ein har med ruta som vart etablert.

Om De har spørsmål vedr. innspela over er det fint om De tar kontakt for avklaringar. Ser fram til ein positiv dialog på innspela.

Med helsing

Karl Vidar Førde  
Ordfører

